

Resolusjon nr 5 årsmøtet 2018.

Vedk. verknader av tannhelsereforma i Sogn og Fjordane.

28. januar 2016 sende fylkesstyret ein uttale om den planlagde nedlegginga av halvparten av tannklinikane i Sogn og Fjordane. I uttalen peika vi på at også denne «reforma» ville gå ut over store deler av fylket, og særleg råke dei svakaste gruppene i lokalsamfunna.

Gjennom den politiske handsaminga i fylkeskommunen vart det gjort visse tilpasningar, men framleis står dei kritiske merknadene våre fast.

Pensjonistforbundet Sogn og Fj. har fått oppmodingar om å fylgje opp spørsmålet om korleis verknadene av reforma har vorte på dei stadene den er gjennomført. Vi har ikkje full oversikt over kor langt omleggingane er komne, men frå lokalt hald har det særleg vorte peika på følgjande:

- Eldre og uføre har fått lenger reisetid. Mange må ha fylgje frå personell på sjukeheim eller frå heimetenesta. Dette er ei påkjenning for pasientane, og ein betydeleg ekstrakostnad for kommunane.
- Det vert ein tvilsam samfunnsøkonomisk gevinst når også skuleborn må køyrast til ein annan kommune, og foreldre må ta seg fri frå arbeid for å køyre og fylgje borna sine til næraste tannklinikk.
- Det bør gjerast vurderingar med omsyn til dei totale verknadene av dei mange reformene. Vi ser altfor ofte at det ein sparer på eitt isolert område, fører til større ekstrakostnader og ulemper på andre område.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane vil be fylkeskommunen vurdere verknadene tannhelsereforma har hatt hittil, både økonomiske og praktiske. For framtida bør det vere eit krav at alle verknader av liknande reformer vert utgreidde før dei vert vedtekne.

Sendast til: Sogn og Fj. Fylkeskommune, Tannhelsetenesta – Fylkeseldrerådet – Avisene i fylket – NRK.